



Årsmelding 2019

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral

1. Innleiing.

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral er lokalisert på Sandane i Gloppen kommune. Frivilligsentralen blei skipa oktober 1991 og er godt forankra i lokalsamfunnet. Vi samarbeider med privatpersonar, lag og organisasjonar, Gloppen kommune og andre offentlege instansar for å stimulere til og samordne frivillig innsats i kommunen vår. Gloppen Frivilligsentral driv i samsvar med vedtekne målsettingar, dei lover og reglar som gjeld for private stiftingar og gjeldande retningsliner. Gloppen Frivilligsentral er medlem av Frivillig Sogn og Fjordane og Norges Frivilligsentraler.

2. Tilsette.

Gloppen Frivilligsentral har i 2019 hatt 100% stillingsressurs. Det har vore fordelt på tre tilsette. Dagleg leiar Elfrid Rauset Håheim har hatt delvis foreldrepermisjon. Anne Neteland Andenæs er vikar for henne. Synnøve Grane Skaaden har hatt 20% stilling ut februar før ho blei pensjonist. Vi takkar henne for viktig innsats i 18 år som tilsett ved frivilligsentralen.

3. Styret.

Årsmøte i Stiftinga Gloppen Frivilligsentral var 18.03.19. Styresamansetning etter årsmøte:

Styreleiar: Kristoffer N. Rygg

Nestleiar: Else Tystad

Styremedlemer: Thor Horntvedt

Audhild Bogstad

Per Ståle Husevåg (kommunal representant) fram til valet i sept

Varamedlemer: 1. Gunnvor Sunde

2. Frode Fagerli

Marit Straume (vara for kommunal representant)

Valnemnd: Gerd Sørebø

Bjørg Magni Sande

Bjørg Åland

Stiftinga Gloppen Frivilligsentral hadde i 2019 tre styremøte, og handsama 18 saker.

4. Økonomi.

Tilskot frå Gloppen kommune for 2019: kr 679 000,-. Gloppen kommune har for 2020 budsjettet kr 679 000,- til frivilligsentralen. Andre inntekter til frivilligsentralen kjem mellom anna frå utleige av lokalet vårt, grasrotmidlar frå Norsk Tipping, vederlag for oppgåver vi løyer for frivillige lag. Som frivillig organisasjon kan frivilligsentralen søkje om momskompensasjon og utbetaling av denne kompensasjonen utgjorde i 2019 kr 59745.

- **8.mars-arrangement** blir arrangert saman med fleire lag og organisasjonar. Det har vore vektlagt å få med kvinner frå ulike kulturar, og det har vi lykkast med. Meir enn 70 (hovudsakleg) kvinner møttest til mellom anna innlegg frå den unge forfattaren Susanne Skogstad frå Nordfjordeid.
- **Julemiddag for alle** var eit nytt tilbod i år. Det var få påmelde, men med frivillige og arrangementskomite blei det eit hyggjeleg bordsete med god, tradisjonell julemat i eit fint pynta lokale. Vi planlegg nytt arrangement neste jul.
- **Nattevandring på Sandane.** Nattevandring har eige styre, med representantar frå Gloppen kommune, Røde Kors, foreldre ved Gloppen ungdomsskule og Frivilligsentralen. Frivilligsentralen er leigd til å organisere Nattevandringa i Sandane. Vi gjennomførte nattevandring 16.mai, natt til 1.mai og under Sandane Dagane. I 2019 har det også vore foreldre frå vidaregåande som har gått nattevandring når firdaelevar arrangerar fest i Gimle, ein gang i månaden. Her set Frivilligsentralen opp vaktlister etter at foreldre har meldt seg på foreldremøte.
- **Rusfritt 16. mai arrangement.**
Lag og organisasjonar, fritidsleiar i Gloppen kommune og frivilligsentralen arrangerer rusfri 16. mai-natt. Samlingsstaden er Kulturhuset Trivselshagen, med mat, kino og kahoot/quiz. Arrangementet er for ungdom frå 9. klasse til 19 år, og det kom 150 stk. Mange støttar dette arrangementet økonomisk.
- **Frivilligdagen 5. desember** arrangerer vi som ope hus på sentralen. Mange av våre frivillige kjem denne dagen til ei sosial stund med noko godt til kaffien. Det er eit godt høve til å få gjere stas på frivillige som yter ein verdifull innsats for lokalsamfunnet. Det er også viktig for dialog og innspel frå våre frivillige. Om lag 30 frivillige deltok.
- **HLF Gloppen** (Hørselshemmedes landsforbund) arrangerar kvar månad likemannstrekk i frivilligsentralen sine lokaler. Her kan personar med nedsett hørsel få informasjon, hjelp med høyreapparat eller høyrehjelpeapparat eller kjøpe nye batteri til høyreapparata sine.
- **Frivilligkontakter:** i samarbeid med helse- og omsorgssjef er det oppretta frivilligkontakter på ulike einingar i helse- og omsorg. Desse er kontaktperson for frivilligsentral og andre frivillige. Målet er at den frivillige aktiviteten skal bli betre koordinert og tilpassa livet i avdelinga, og gjere det betre for både frivillige og mottakarar av frivillige tenester. Ordninga med kontaktpersonar er ei prioritert oppgåve i 2020.

6. Rekruttering og oppfølging av frivillige

Dette er eit viktig arbeid for dei tilsette ved frivilligsentralen. Frivillige sitt engasjement og idear kanaliserast vidare til organisasjonar eller formidling til oppdrag. Vi spør personar direkte om dei er villige til å yte frivillig innsats for å løyse oppdrag vi har fått tilmeldt. Vi rekrutterer frivillige gjennom samarbeid med organisasjonar. Vi nyttar sosiale medier som facebook for å gjere kjent behov for frivillig innsats. Vi har god erfaring med å nytte frivillig.no som er ei heimeside drifta av Frivillighet Norge der vi kan legge inn oppdrag. Fornødde frivillige er avgjerande for å halde dei lenge i teneste. Godt omdøme og positiv omtale frå frivillige gjer det også lettare å rekruttere nye ved behov.

7. Deltaking på kurs og fagsamlingar

Tilsette og representantar frå styret har delteke på Frivillig Sogn og Fjordane sine samlingar og i nettverksgruppa for frivilligsentralane i Nordfjord. Gunnvor Sunde er styremedlem i Frivillig Sogn og Fjordane. Dagleg leiar og ansvarleg for dagtilbodet og onsdagstreffet tek etterutdanning i «Frivilligkoordinering» ved Verdighetsenteret i Bergen. Det er tre samlingar med arbeid i mellomperiodane der vi skal vidareutvikle dagtilbodet for personar med demens.

Kommunerevisjon Nordfjord er Stiftinga Gloppen Frivilligsentral sin revisor i 2019.
Rekneskap vert utført av Accountor Rekneskapskontoret Gloppen AS.

5. Aktivitet: Vi vil under trekke fram nokre av våre aktivitetar:

- **Utkøyring av middag** er den største aktiviteten til frivilligsentralen. Kvar dag kører frivillige ut middag på tre ulike ruter i kommunen. På eit år tilsvarar det om lag 2500 timer. Middagskøyringa er godt kjent i kommunen og høgt verdsett, og det fører til god rekruttering av nye sjåførar.
- **Følgje til lege/sjukehus** for personar som har behov for hjelp er også ei viktig teneste. Vi har formidla 25 følgje, av desse 14 frå Hyen. Tilsaman stipulerar vi dette til 142 timer frivillig innsats.
- **Dagaktivitetstilbod og møteplassar:** koordinering av frivillige som saman med ein tilsett i kommunen lagar til onsdagstrekk i kantina på omsorgssenteret og torsdagane på dagtilbod for personar med demens. Frivilligsentralen er her kontaktstad for dei frivillige og vi set opp lister over frivillige som skal delta dei aktuelle dagane. Det er gode tilbakemeldingar frå både deltagarar og frivillige på dagtilboda.
- **Seniornett.** Frivilligsentralen er kontaktadresse for seniornett og ein samarbeidspart i dataopplæring for seniorar. Seniornett er ein stor og viktig møteplass for seniorar der dei lærer og utviklar datakompetanse. Nybyrjaropplæring er gjennomført på Sandane med tolv deltagarar.
- **Verdsdagen for psykisk helse** blei gjennomført som ein aktivitetesdag søndag 22.sept av ein bredt samansett komité frå psykisk helse, helsestasjon, folkehelsekoordinator, Firda vidaregåande skule, Nordfjord Folkemuseum og Gloppen Frivilligsentral. Det møtte om lag 100 menneske i ulike aldrar og frå ulike kulturar, til appell, kjekke aktivitetar og sosial samvær i friluftsmuseet til Nordfjord folkemuseum og klatreveggen i Trivselshallen. På sjøve verdsdagen 10.okt var det ope hus med gratis kaffi på biblioteket, NAV og frivilligsentralen.
- **Strikkekeldar:** Annakvar tysdag møtest gloppedamer i ulike aldrar og med ulik bakgrunn til sosialt samvær med ein kopp kaffi/te – med eller utan eit handarbeid.
- **Leseven** i samarbeid med Gloppen folkebibliotek. Om lag 15 lesevener les vektentleg til personar som ikkje kan lese sjølv. Det er beburar på dei ulike einingane i helse og omsorg. Det blir også lest til innvandrar og personar med funksjonsnedsetting. Dette har vore eit særskilt populært tiltak og det har vore god rekruttering.
- **Besøksven/turven/støtte i heimen:** vi opplever at etterspurnaden etter frivillige til slike oppdrag har vore større dette året. Vi jobbar med å rekruttere fleire slik at vi kan fylle desse behova.
- **Leksehjelp:** vi får spørsmål om slik hjelp frå både skule og foreldre og vi legg vekt på å finne ordningar som høver i samarbeid med elev, heim og skule.
- **Sterk og stødig** og andre trimgrupper for seniorar er eit viktig forebyggande tiltak. Det er viktig for fysisk helse og som sosiale møteplassar når dei set seg ned med kaffikoppen etter endt treningsøkt. Frivilligsentralen hjelper idrettslaga med rekruttering av instruktørar og skyss til deltagarar som treng det.
- **Søndagskafè på Gloppen omsorgssenteret** haust/vinter/vår er eit viktig arrangement på omsorgssenteret, både for dei som bur der og deira pårørande, men også for heimebuande. Fleire av organisasjonane arrangerer dette regelmessig ein eller fleire ganger i året. Vi er glade for at organisasjonar tek på seg dette arrangementet og ser gjerne at fleire kan vere med å arrangere. I 2019 blei det arrangert fire søndagskafear.

8. Arbeidsmiljø.

Det har ikkje vore registrert ulykke- eller skadetilfelle i 2019.

9. Ytre miljø.

Stiftinga foureinar ikkje det ytre miljø.

10. Årsresultat.


Det framlagde rekneskapet for 2019 viser eit overskot på kr 47734. Balanserekneskap pr. 31.12.19, syner eit rett bilet av den økonomiske situasjonen ved årsskiftet og for drifta 2019.

11. Sluttord.


Det er eit stort frivillig engasjementet i Gloppen kommune. Det er dei frivillige og deira innsats som gjer frivilligsentralen levedyktig. Gloppen Frivilligsentral si oppgåve er å engasjere fleire og ta vare på dei som vil yte frivillig innsats - både enkeltpersonar og samarbeidande lag og organisasjonar. For frivilligsentralen er det viktig å halde på og utvikle det gode samarbeidet vi har med dei frivillige, med lag og organisasjonar og med Gloppen kommune. Gjennom dette vil vi jobbe for at eksisterande aktivitetar kan halde fram, og samtidig skape nye tilbod. I dette arbeidet ser vi ein kommunal frivilligpolitikk som viktig for å sette fokus på kva vi og kommunen kan gjøre for å hjelpe organisasjonane i deira arbeid. Vi vil rette ei stor takk til alle som har gjort frivillig innsats! Vi stipulerer den frivillige innsats gjennom frivilligsentralen til om lag 10 000 timer! Vi vil også takke våre samarbeidspartar og dei som har støtta oss praktisk eller økonomisk. Styret takkar dei tilsette for godt utført arbeid.

2020 er eit spennande år for frivilligsentralane. Statstilskotet blir frå 2021 overført i ramma til kommunane. I tillegg er tilskotet omgjort slik at det blir omrekna utifrå innbyggartalet i kommune. For Gloppen sin del vil dette medføre ei halvering av tilskotet kommunen mottek frå staten. Dette beklagar vi sterkt og det gir oss ei uro for framtida. Vi håpar årsmeldinga kan vere med på gje eit bilde av aktiviteten på frivilligsentralen og vise at pengane kommunen brukar på frivilligsentralen gjev mykje meir tilbake!

Sandane, 19 februar 2020



Kristoffer N Rygg
Styreleiar



Else Tystad
Nestleiar



Thor Horntvedt
Styremedlem



Audhild Bogstad
Styremedlem

Eivind Reed
Styremedlem

Mariél Eikeseth Koren
Styremedlem


Elfrid Rauset Håheim
Dagleg leiар